



Radøy kommune Teknisk Etat
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1902 - 18/13478

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
12.09.2018

Byggesak Gbnr 79/11 Tjore Nedre og Gbnr 82/73 Storheim - vassleidning - søknad om dispensasjon og rammeløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 232/2018
Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Austmarka - Storsandvik**
Tiltakshavar : Radøy kommune
Ansvarleg søker : Cowi AS
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - rammeløyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Radøy kommune planlegg sanering av eksisterande vassleidning frå Austmarka til Storsandvik. Leidningen (160 mm PE leidning) vert etablert i sjø på ein strekning på ca. 2000 meter. I tillegg skal det etablerast ein 63 mm leidning frå Storsandvik og 450 meter nordover mot Austmarka. Den nye vassleidningen skal hovudsakleg etablerast på sjøbotn.

I Austmarka vert det etablert landtak (borehol) på gnr. 79 bnr. 11 og på Storsandvik gnr. 82 bnr. 73.

Eksisterande vasskum vert skifta ut med ny kum. På Storsandvik vert vassleidning trekt i kullvert under bygningar på gnr. 82 bnr. 72 og fram til eksisterande vasskum.

Det er søkt om dispensasjon frå «Kommuneplan for Radøy 2011-2023» for følgjande områder i sjø:

- Småbåthamn
- Kombinerte formål sjø og vassdrag

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.07.2018.

Planstatus

Arealet ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for småbåthamn og kombinert formål sjø og vassdrag.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det ligg føre følgjande uttale frå Fiskeridirektoratet datert 15.06.2018:

Radøy kommune Hordaland - Høringsuttale - Etablering av ledning for vannforsyning Austmarka-Storsandvik

Viser til søknad om etablering av ledning for vannforsyning datert 11.6.2018. Det blir opplyst om at eksisterande eidning skal sanerast. Ber om at leidninga blir lagt slik at det ikkje er til hinder for fiskeri og fiskereiskap kan hekte i leidninga.

Fiskeridirektoratet har ellers ingen merknadar til tiltaket.

Det ligg føre følgjande uttale frå Bergen Hamn, datert 27.07.2018:

Uttale vedr - Etablering av ledning for vannforsyning - Austmarka til Storsandvik, Radøy kommune

Vi viser til deres brev av 11.06.2018 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland havnevesen (BOH) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Vurdering av planforslaget

På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta. Vi gjør imidlertid oppmerksom på at det er registrert en biled gjennom Austmarka og saken bør derfor sendes på høring til Kystverket som forvalter dette sjøområdet, jfr. hfl § 7 jfr. § 27 annet ledd. En eventuell søknad om tiltak i sjø etter havne- og farvannsloven må sendes Kystverket i god tid før tiltak iverksettes.

Videre gjør vi oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser (gytefelt torsk) i Austmarka. Det anbefales derfor at planen sendes på høring til Fiskeridirektoratet.

Det ligg føre følgjande uttale frå Kystverket Vest, datert 20.09.2018:

Uttale til etablering av ledning for vannforsyning, Austmarka-Storsandvik - Radøy kommune - Hordaland

Viser til brev, datert 11.6.2018, vedrørende etablering av ny vannledning mellom Austmarka og Storsandvik.

Vannledningen er planlagt lagt innenfor biled 2262 – Alversund-Fonnesstraumen og det er Kystverket som har forvaltningsansvar og myndighet her etter havne- og farvannsloven.

Vi ber derfor om at søknaden sendes oss for videre behandling.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå «Kommuneplan for Radøy 2011-2023» for følgjande områder i sjø:

- Småbåthamn
- Kombinerte formål sjø og vassdrag

Det er søkt dispensasjon frå med slik grunngeving:


Søknad om dispensasjon

Etablering av ledning for vannforsyning Radøy kommune, Austmarka-Storsandvik

Radøy kommune planlegger sanering av eksisterende vannledning fra Austmarka til Storsandvik. Ledningen (160 mm PE ledning) etableres i sjø på en strekning på ca 2.000 meter. I tillegg skal det etableres en 63 mm ledning fra Storsandvik og 450 meter mot Austmarka. I forbindelse med sanering av avløpsanlegg i Storsandvik etableres en utslippsledning i sjø 65 meter (180 mm PE) fra Storsandvik.

I Austmarka etableres landtak (borehull) på gnr. 79 brn. 11 og på Storsandvik på gnr. 82 brn. 73.

Utsnitt under fra kommunens arealdel.



Det søkes om dispensasjon fra "Kommuneplan for Radøy kommune, 2011-2023" for følgende områder i sjø:

Småbåthavn. Brak og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone.

Kombinert formål sjø og vassdrag.

Ledningene vil ikke være til hinder for å benytte områdene i sjø i

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 20.06.2018.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av borehol og leidningsnett. Radøy kommune legg til grunn at tiltaka vert utført utan synlege terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Dispensasjon

Det må her vurderast om kommuneplanen sine føresegner vert vesentleg tilsidesett, samt om fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Leidningstraseen som er innteikna viser vassleidning frå Austmarka til Storsandvik delvis lagt i område i sjø i som i kommuneplanen er definert som areal for småbåthamn og areal med kombinert formål sjø og vassdrag.

Intensjonen med å etablere anlegget er heving av tryggleik og sikringa av god og trygg vassforsyning for framtida.

Kommunen vurderer dette som eit tiltak som ikkje medfører terrengendringar og som kan utførast utan synlege terrenginngrep. Vassleidningen vert i all hovudsak lagt på sjøbotn og leidningane vil ikkje være til hinder for å nytte området i sjø i henhold til planens intensjon. Det er opplyst i søknaden at forankring av leidningen vert gjort ved å nytte betonglodd med avrunda kantar og nedfelte boltar.

Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på fiskeriinteresser, landbruksinteresser, natur eller friluftsliv, og vil ikkje koma i konflikt med allmenn ferdsle i området. Kommunen har særleg lagt vekt på at når arbeida er ferdige vil det ikkje vera synlege element rundt dette anlegget.

Når der gjeld at fordelane med å gje dispensasjon må vera større enn å ulempene må ein sjå på trongen for å fornya og heva tryggleiken rundt den kommunale vassforsyninga.

Etter ei samla og konkret vurdering med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing finn kommunen å kunne gje dispensasjon til å fråvika føremålet i kommuneplanen og gje dispensasjon for tiltaket som omsøkt.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 2.

Føretaket **Cowi AS**, org.nr. 979 364 857, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Cowi AS**, org.nr. 979 364 857, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering grøfter og leidningsanlegg på land, leidning i sjø. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Cowi AS**, org.nr. 979 364 857, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering borehol for inntrekking av vassleidning. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Cowi AS , org.nr. 979 364 857	S	SØK	2	Ansvarlige søkjar
Cowi AS , org.nr. 979 364 857	S	PRO	2	Prosjektering grøfter og leidningsanlegg på land, leidning i sjø.
Cowi AS , org.nr. 979 364 857	S	PRO	1	Prosjektering borehol for inntrekking av vassleidning.

*S = Sentral godkjenning,

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.07.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Vedtaket:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve DISPENSASJON frå kommuneplan for Radøy 2011 – 2023 for etablering av vassleidning.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om rammeløyve som omsøkt for etablering av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert utført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr	kr	20 100
Kode 9.1.2	Dispensasjon arealformål i plan	kr	<u>10 300</u>
	Totalsum	kr	30 400

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsreidegjerjing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 18/1902

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Cowi AS
Ingrid Didriksen
Radøy kommune Teknisk Etat

Radøyvegen 1690 5936

MANGER